

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

|                |                     |
|----------------|---------------------|
| Eikelandssosen | 05.09.2014          |
| Dykkar ref.    | Erlend Støle Hansen |
| Vår ref.       | Torfinn Kollé       |
| Arkivnr.       |                     |
| Sakshandsamar  | Torfinn Kollé       |
| Sider          | 7                   |

**Kommentarar til høyringsfråsegner vedrørande konsesjonssøknad for Matlandselva kraftverk og Nore Fusa vassverk, Fusa kommune, Hordaland fylke.**

*Innleiing, bakgrunn*

Vi har frå NVE motteke dei fråsegnene som har kome inn under høyringsrunden for Matlandselva kraftverk og Nore Fusa vassverk, og skal få gje våre kommentarar til desse.

Det har kome fråsegner frå:

- ☐ Fusa kommune
- ☐ Fylkesmannen i Hordaland
- ☐ Hordaland fylkeskommune
- ☐ Statens vegvesen Region vest
- ☐ FNF Hordaland
- ☐ Naturvernforbundet i Hordaland
- ☐ Grunneigarar Hafskor

Fråsegnene frå dei ulike høyringspartane varierer sjølvsagt i.h.t. ståstad, oppfatningar mv. Desse kan vera velgrunna og spesifikke, eller dei kan vera generelle, prinsipielle eller subjektive. Mange av fråsegnene gjev eit godt høve til avklaringar.

Fleire tema synest å gå att i mange av fråsegnene. Vi har då valt å kommentera desse inngåande ein stad, og så visa til desse der dei dukkar opp seinare.

Nedanfor oppsummerer vi uttalane og kommenterer desse i høve til konsesjonssøknaden.

### Fusa kommune

Kommunestyret i Fusa gjorde slikt vedtaket vedrørende konsesjonssøknaden i sak KOM-022/14 VEDTAK:

*Fusa kommune vil rå til at Fusa kommune og Matland kraftverk AS får konsesjon for å nytta vassfallet i Matlandselva etter Vannressurslova § 8*

- *om løyve til å byggja kraftverk*
- *å byggja Nore Fusa Vassverk*
- *å regulera Hafskorvatn (med 1 meter)*

*Energilova om løyve til å byggja og drifta kraftverk m.m.*

*Det skal setjast inn avbøtande tiltak for å erstatta grasvoll i inste enden av vatnet som i dag vert mykje nytta som raste- / friluftsområde*

### Matland Kraftverk AS sin kommentar:

Fusa kommune si tilråding er i samsvar med alternativ 1 i konsesjonssøknaden. Kommunen krev avbøtande tiltak knytt til rasteplass ved Hafskorvatnet. Søkjar vil imøtekomma kravet i samråd med kommunen.

### Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland konkluderer med motsegn til omsøkte utbygging på grunn av negativ effektar på biologisk mangfald tilknyttet elvestrekningen. Men, opnar for konsesjon dersom kunnskapsgrunnlaget vedrørende verknad/konsekvens av utbygginga for akvatisk miljø vert betre, jf. høyringsfråsegna der Fylkesmannen skriv fylgjande:

*«Omsøkt utbygging vil høyst sannsynlig føre til reduserte populasjoner av flere rødlistede arter. Det er i dag ufullstendig kunnskap om virkningene av utbyggingen på disse artene. Fylkesmannen mener ut fra dette at føre-var-prinsippet i naturmangfoldloven § 9 bør tillegges vekt før man gjør vedtak i saken. Beslutnings- og kunnskapsgrunnlag bør bedres. Videre bør søker pålegges å utrede flere avbøtende tiltak som minker faren for negative effekter på de aktuelle rødlisteartene.»*

Elles peikar Fylkesmann behov for samordning av veg til vasshandsamingsanlegg og veg til skogbruksføremål, samt at veg til kraftstasjon er i konflikt med vassressurslova §11 og at den vil vera eit svært negativt landskapsinngrep. Det vert vist til at tilkomst til stasjonen kan gå via lokal veg ovanfor stasjonsområdet.

Fylkesmannen ber også om at behovet for nytt vassverk vert dokumentert.

### Matland Kraftverk AS sin kommentar:

- Med bakgrunn i Fylkesmannen si motsegn ventar søkjar at NVE arrangerer forhandlingsmøte mellom søkjar og Fylkesmannen, der ein kan freista å komma fram til semje om utbyggingsløyving.
- Kravet til kunnskapsgrunnlag med omsyn til biologisk mangfald tilknytt akvatisk miljø i Matlandselva meiner søkjar tilfredsstillar krava i naturmangfaldslova, jf. §8. Det ein generelt manglar kunnskap om, er effekten/konsekvensen for biomangfald pga. redusert vassføring som følgje av småkraftutbygging. På det grunnlaget kan ein sjølv sagt/alltid visa til §9 om føre-var-prinsippet i naturmangfaldslova og gå mot eit kvart tiltak som kan påverka/endra den økologiske tilstanden til ein biotop.

Utnytting av Matlandselva til småkraftverk/vassverk vil etter søkjar si vurdering vera eit svært godt case for framskaffing av kunnskap om verknad/konsekvens av redusert vassføring for akvatisk miljø i små vassdrag. Dette på bakgrunn av at førekomsten av dei raudlista mosane som er registrert i planlagt utnytta elvestrekning også finst i rikt monn nedstraums kraftstasjonen/samløp med Ådlandselva og høgst sannsynleg oppover i Ådlandselva, jf. kap. 11 vedlegg 1 til NNI-Rapport 396 «**Småkraftverk og vannverk i Matlandselva, Fusa kommune. Undersøkelser av fiskebestander – laks, sjøørret og ål**». Det vil sei at ein har kontrollområdet like ved, og på den måten kan ein utelata andre faktorar enn redusert vassføring som årsak til eventuelle endringar i bestandane i Matlandselva.

Søkjar stiller seg positiv til oppfølgjande undersøkingar for å framskaffa ny kunnskap om verknad/konsekvens av redusert vassføring, som grunnlag for framtidige avgjerder og endra vilkår basert på krava i naturmangfaldslova §8. Utbygging vil på den måten gi positiv samfunnsnytt i form av auka kunnskap.

- Søkjar meiner behovet for andre avbøtande tiltak ut over det som er føreslått i konsesjonssøknaden, først kan vurderast etter at eventuelle negative konsekvensar av utbygginga vert avdekka via oppfølgjande undersøkingar.
- Med omsyn til samordning av veg til vasshandsamingsanlegg og skogsveg stiller søkjar seg sjølvsagt seg positiv til det.
- Vegen til kraftstasjonen frå sjøen langs elva er planlagt der pga. at det i dag er god asfaltert veg ned til sjøen, og at det derifrå går ein om lag 300 m lang enkel traktorveg langs elva opp mot stasjonsplasseringa. Traktorvegen er tenkt oppgradert til bilveg og forlenga fram til kraftstasjonen. Det vert difor ikkje eit nytt svært negativt landskapsinngrep som følgje av planlagt veg til kraftstasjonen. Dessutan er innsynet til området frå omgjevnadane ikkje pårekneleg. Årsaka til at søkjar ikkje ønskjer å leggja vegen til kraftstasjonen slik det er føreslått av Fylkesmannen, er at det vil gi uønskt trafikk gjennom gardstunet på Matland.
- Det vert vist til Fusa kommune sin kommentar til Fylkesmannen sit krav om dokumentasjon av behovet for vassverk i området. Matland Kraftverk AS har ingen kommentarar til dette i tillegg til kommentaren frå kommunen.

#### Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune rår til utbygginga av Matlandselva kraftverk, og knyter til følgjande føresetnader:

- Av omsyn til vandrane kritisk truga ål må Coanda-inntak installerast.
- Av omsyn til raudlista artar må planlagde anleggsvegar justerast etter funnlokalitetar.
- Av omsyn til elveavsnittet med naturtype bekkekløft, fuktkrevjande artar og eventuelle gyteområde for bekkeare må høgare minstevassføring vurderast.
- Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltaka justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.
- Dersom utbyggjar utgreier og dokumenterer fordeler for fuktkrevjande artar gjennom kunstige flaumar rår Hordaland fylkeskommune òg til reguleringa av Hafskorvatnet.

- Utbyggjar må jf. Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland undersøke moglegheiter for å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Matland Kraftverk AS sin kommentar:

Når det gjeld avbøtande tiltak vedrørende inntaksløysing, anleggsvegar m.m. viser ein konsesjonssøknaden kap. 4 Avbøtande tiltak. Med omsyn til eventuell auka minstevassføring og effekten av å nytta Hafskorvatnet som dempingsmagasin for mellom anna å ivareta levevilkåra for vasstilknytt flora og fauna, viser ein til kommentar tilknytt høyringsfråsegna frå Fylkesmannen i Hordaland. Som der nemnd stiller søkjar seg positiv til oppfølgjande undersøkingar som kunnskapsgrunnlag for framtidig endring av vilkår.

Matland Kraftverk AS er positiv til at vegen til vasshandsamingsanlegget vert open for allmenn ferdsel om Fusa kommune og grunneigaren vil tillata det. Dette kombinert med at røyrtraséen vidare opp til inntak vert rydda for skog vil gi lett tilkomst til området ved Hafskorvatn frå grendene ved Ådlandsfjorden. Tiltaket vert såleis ein positiv ressurs for friluftslivet lokalt.

Statens vegvesen Region vest

Statens vegvesen uttalar følgjande til konsesjonssøknaden:

- Det er planlagt riggområde nord for FV 48 som det og må søkjast dispensasjon frå veglova om riggområdet vert nærare enn 50 m midte FV 48.
- Vassleidning og trykkrøyr, samt skogsbilvegen må ikkje koma i konflikt med tilkomstvegane til busstoppane på både sider av FV 48.
- I samband med byggesøknad til skogsbilvegen, må det søkjast om løyve til avkøyrsl/utvida bruk av avkøyrsl.

Elles har Statens vegvesen ingen merknad til søknaden.

Matland Kraftverk AS sin kommentar:

Planlagt riggområdet vert om lag 25 m frå FV48, og ein vil søkja dispensasjon frå veglova for dette i utbyggingsperioden. Trasé for vassleidning, trykkrøyr og veg til vasshandsamingsanlegg er ikkje i konflikt med tilkomstvegane til busstoppa ved FV48. Veggen til vasshandsamingsanlegget (skogsbilveg) vil nytta allereie eksisterande avkøyrsl frå kommunal veg, og ein vil søkja om utvida bruk av den.

FNF Hordaland

FNF Hordaland er ikkje imot at det ver gjeven konsesjon etter vassressurslova til Nore Fusa vassverk og Matlandselva kraftverk. Dei oppsummerer si høyringsfråsegn slik:

*«For å oppretthalde kvaliteten av dei mange raudlisteartene som er påvist jf. 3.5 Raudlisteartar i søknaden jf. § 8 om kunnskapsgrunnlaget i Naturmangfaldlova. For å sikre at desse raudlisteartane vert påverka i akseptabel grad, føreslår vi å auke minstevassføringa i noko grad, jf. § 9 om føre-var-prinsippet i Naturmangfaldlova.»*

#### Matland Kraftverk AS sin kommentar:

Med omsyn til eventuell auka minstevassføring for å sikra at akvatisk miljø vert påverka i akseptabel grad, viser ein til kommentar tilknytt høyringsfråsegna frå Fylkesmannen i Hordaland.

#### Naturvernforbundet i Hordaland

Naturvernforbundet konkluderer slik:

*«NVH meiner at det sikre og potensielle negative konsekvensane av ei utbygging av vasskraftverk i Matlandselva er for store til at ei utbygging, slik den føreligg i søknaden, kan forsvarast. Området er allereie under press som følgje av etableringa av Nore Fusa vassverk, noko som gjer området ekstra sårbart for nye utbyggingar. Området har status som LNF-område og har til dels gode kvalitetar for friluftsliv.*

*Ein relativ høg førekomst av raudlista artar, samt artar som ikkje er typiske for regionen, bør vege sterkt mot ei utbygging. Desse artane er knytta til elveløpet, som i seg sjølv er ein raudlista naturtype. Dei avbøtande tiltaka er etter vårt syn ikkje tilstrekkelege til å bøte på dei negative konsekvensane.»*

#### Matland Kraftverk AS sin kommentar:

Utbygging av Nore Fusa vassverk og Matlandselva kraftverk er ei felles utbygging, og ikkje to separate utbyggingar slik ein får inntrykk av at Naturvernforbundet har oppfatta det som. Når det gjeld tilhøvet til friluftsliv viser ein til kommentaren vedrørande positiv konsekvens omtala i tilknytt til høyringsfråsegna frå Hordaland fylkeskommune og høyringsfråsegna frå grunneigarane på Hafskor. Vedrørande raudliste artar/akvatisk miljø viser ein til kommentar tilknytt høyringsfråsegna frå Fylkesmannen i Hordaland.

#### Grunneigarar Hafskor

Grunneigarane på Hafskor meiner ulempene er vesentleg større enn fordelane med å velja hovudalternativet framfor alternativ II i søknaden.

Grunneigarane oppsummerer grunngjeving for sine konklusjonar i høyringsfråsegn mellom anna slik:

*«Ei oppdemming som i hovudalternativet vil medføre vesentleg reduksjon av naturkvalitetane ved Hafskorvatnet. Spesielt området ved Setrastølen vil bli langt mindre attraktivt som turmål avdi ein brei strandsone vil liggja brakk m.a. i store deler av sommarhalvåret. Nyttan av kommunen sine bidrag med å leggja til rette for turaktivitetar blir redusert.»*

*«Ein sti frå utlaupet mot nordsida av vatnet vil bli neddemt i periodar.»*

*«Ei oppdemming vil også kunna gå ut over fiskebestanden ved at fleirtalet av noverande gytebekker vert neddemde i den nedbørsrike tida om hausten og på den måten sansynlegvis ikkje vil fungera som gyteområde.»*


*«Me har ingen innvendingar mot at det vert føreteke utbygging etter alternativ II.»*

I tillegg omtalar grunneigarane på Hafskor privatrettslege tilhøve vedrørande Fusa kommune sine rettar, og rett tilknytt skogsvegen opp til Hafskorvatnet.

Matland Kraftverk AS sin kommentar:

Analyse av skalert vassføring i åra 1978 – 2009 viser at median vasstand i Hafskorvatnet ved etablering av dempingsmagasin med reguleringshøgde 1 m, vert heva med om lag 14 cm. Størst endring vert i perioden 1/10 – 30/4 med om lag 19 cm auka median vasstand. I perioden 1/5 – 30/9 aukar median vasstanden med om lag 8 cm. Figur 1 viser gjennomsnitt vasstand i Hafskorvatnet med og utan etablering av dempingsmagasin for åra 1978 – 2009. Figuren viser at det vert svært liten endring i vasstanden om sommaren. Det er hausten/vinter som får noko auka vasstand, men dynamikken i vasstandsvariasjonane vert om lag lik med og utan dempingsmagasin.

Når grunneigarane hevdar at ei brei strandsona vil liggja brakk store deler av sommarhalvåret, viser analysen at dette ikkje er rett. Søkjar meiner at området ved Hafskorvatnet i stort mon vil oppretthalda sin verdi som tur- og rekreasjonsområdet også etter etablering av dempingsmagasin som omsøkt etter hovudalternativet i konsesjonssøknaden.



Figur 1: Vasstand i Hafskorvatnet med og utan etablering av dempingsmagasin.


Vedrørende endring i gytetilhøva for aurebestanden i Hafskorvatnet viser ein til notat (vedlagt) frå Biolog Dr. scient. Erling Otterlei som konkluderer slik:

- «Planlagt regulering er beskrevet å ligge innenfor det som er normal vannstandsvariasjon i Hafskorvatnet, så nytt areal blir hverken neddemmet eller tørrlagt. Damhøyde og -lengde må tilpasses for å forebygge oppstuing av vannmasser utover dette.
- Etablering av reguleringsterskel ved utløpet av innsjøen, kan/vil medføre at vannstanden i innsjøen, hyppigere og over lengre perioder, vil være høyere enn hva tilfellet er i dag, men likefullt innenfor normal vannstandsvariasjon.
- Lavereliggende områder langs Hafskorvatnet vil være tilgjengelig for fisk og andre akvatiske organismer når disse hyppigere dykkes. Myrområder etc. kan bli noe mer eksponert for utvasking, avhengig av hvordan vegetasjonen her tilpasser seg. I og

- med at øvre vannstand ikke vil endre seg utover dagens naturlige høyvannstand (278,1 moh), er det vanskelig å forvente endringer med hensyn til økosystemet lokalt.*
- Gyte- og oppvekstpotensiale for ørret, samt mulighet for naturlig opp- og nedvandring for fisk til bekker og elver, vil ikke forringes dersom eksisterende lavvannstand, 277,1 moh, overholdes. Perioder med høyere vannstand, men innenfor normal vannstandsvariasjon, vil positivt trykke fiskens tilkomst til flere av bekkene.*
  - Innløpsbekk 4 ligger lavt i terrenget og det knytter seg noe mer usikkerhet til eventuelle effekter av lengre tids neddemming av dette spesifikke område. Myrvegetasjonen her er godt tilpasset kortere perioder med neddemming, men langvarig neddemming kan påvirke eksisterende bunndekke og strømhastigheten i bekkeleiet, negativt.*
  - Flere av våre lavereliggende fiskevann er «overbefolket» i dag, med relativt tette populasjoner av ørret, ofte med stagnerende vekst og lav kondisjon. Ubalanse mellom god rekruttering og begrenset næringstilgang i kombinasjon med begrenset predasjonstrykk/fiskepress, kan være nærliggende årsaker til dette. Fokus på opprettholdelse av en tilfredsstillende vannkvalitet fremstår som viktig for dette vassdraget. Rekrutteringspotensialet synes å være tilstede og ivaretatt.»*

Konklusjonane viser at grunneigarane ikkje har fagleg belegg for å hevda at etablering av dempingsmagasin har negative følgjer for aurebestanden i Hafskorvatnet. Slik dempingsmagasinet er planlagt bruk, vil det kunna ha positiv effekt i høve til aurebestanden. Notatet viser derimot at ei senking ved hjelp av hevert slik grunneigarane føreslår for å sikra forsyning til Nore Fusa vassverk, kan ha negative konsekvensar for aurebestanden i vatnet.

Dei privatrettslege tilhøva grunneigarane omtalar i si høyringsfråsegn ønskjer ikkje Matland Kraftverk AS å kommentera.

Med helsing  
Matland Kraftverk AS  
  
Tove Hjartnes Fosså  
Dagleg leiar

  
Torfinn Kolle  
Sakshandsamar